

DRIVA-VISITTEN TIL

Nyttårsjubilanten på Meisingset

Det var i 1914 at Gudrun Liset frå Larsnes på Sunnmøre kom til Meisingset for å bli gardkone i Bortistua. Ho var 20 år den gongen — og da er det lett å rekna ut kor gamal ho er i dag. For å vera heilt nøyaktig, så fyller Gudrun Meisingset 80 år om tre dagar — den 1. januar 1975.

Det var fredag før pinse at eg gjekk i land på kaia nede i Meisingsetvågen, fortel Gudrun. Ung og forventningsfull, og med «12 av hver» i reisekista, slik skikken var den gongen. Brudlaupet skulle stå i «håbolla» — men ingen brudgom stod på kaia og tok i mot, slik avtalen var. I staden fekk eg veta at brudgommen — saman med han Jon Nastad Sæt-

Tekst — foto: Ipt

erli, i hui og hast hadde sykla til Trondheim. Dei hadde vorte innkalla til nøytralitetsvakt. Først ut i oktober kom brudgommen heim att, men da vart det og storbryllaup. Tre heile dagar til ende. Vi køyrde til kyrkja i eit fylgje på 20 hestar.

Gudrun Meisingset er fødd og oppvoksa på garden Liset på Sunnmøre, og interessa for jordbruk og husdyrhald fekk ho i tidleg alder. Største draumen min var å bli kone på ein stor gard, fortel ho. Å få stella med jord og dyr var det gildaste eg visste. Vi var ellers elleve søsken heime hos



oss — eg var den nest eldste, og vi måtte tidleg læra oss å gi ei hand med i arbeidet. Og søndag var det fast skikk med kyrkjegang. Bestefar var kyrkjetenar, og vi var med til kyrkja kvar preikesøndag. Dette er lyse minner, som er gode å ta med ut i livet. Med så mange søsken, var det klart at ein måtte tidleg ut og stå på eigne føter. Og for Gudrun vart det først folkehøgskulen i Ørsta. Det var ei rik og gjevande tid, i eit miljø prega av åndshovdingar

som Anders Vassbotn, Ivar Aasen og Anders Hovden.

Eit artig minne derfrå var at eg møtte Arne Garborg. Han skulle halda tale på eit ungdomsstemne i Volda — og eg møtte han ved frokostbordet i Ivar Aasantunet. Ein liten fåmælt tusseladd i bunad, som satt for bordenden i eigne tankar. Seinare på dagen var vi ungomane avstad og hørde talen hans — og da var det straks noko heilt anna med han.

(Forts. side 7)

Veldig glatt i Oppdal i jula

§ PÅ TRÅDEN:

Nyttårsjubilanten på Meisingset ---

(Forts. fra side 3)

Draumen om å bli kone på eigen gard heldt seg levande — og det var nok med ein aldri så liten baktanke at Gudrun tok seg arbeid på Gjerudnes landbruks-skule. For kvar møter ein ikkje dei fleste jordkarane, om ikkje på jordbruksskulen? Og det slo godt til. Gudrun møtte ein «stramdaling» frå Meisingset, og gjorde nordmøring av seg for resten av livet.

Bortistua var ein stor gard, så nykona fekk nok å ta hand om frå første dag. Attåt gardsbruket var det den gongen både telegrafsta-

sjon og skyss-stasjon i Bortistua. Folk kom og reiste — med hesteskyss frå Sortdal, vidare til Fjøs-eid med båt over fjorden, eller andre vegen til Vågbø og båt-skyss bort til Stangvika. Det var liv og røre seint og tidleg.

Mykje overnattingsgjester var det og — ein av dei eg hugsar aller best var dikteren Anders Underdal, fortel Gudrun. Han reiste stundom rundt for Noregs ungdomslag, og var her fleire gonger. Ein gong kom han frå Molde der han hadde sunge og dansa for keisar Wilhelm.

Vi driv mykje med mjølkekyr den gongen — hadde 44 kyr. Men eg hadde tenestegjester, innejente og budeie. Karane var ikkje med i fjøset den gongen — var liksom ikkje brukeleg det. Fjøsarbeid var rekna som typisk kvinnfolkarbeide. Men eg lika det veldig godt, og da ungane vart større, tok eg alt stellet i grisehuset. Ofte låg eg der om natta og tok imot grisungar. Du og du kor triveleg der rett var! Dette må du skriva, seier Gudrun, og er blank og glad i augo berre ved minna.

Ein anna ting som var mykje brukeleg den gongen, var å leiga ut hus til byfolk om sommaren. I tolv år budde ein familie frå Kr.sund fast her kvar sommar. Seinare kom ein ny familie hit og vart værande like lenge. Kvar einaste sommar kom dei flyttande med stort tenarskap — tre, fire

tenestegjester var ikkje uvanleg at dei hadde med seg. Fem born fekk Gudrun og Elling, men Gudrun vart heller tidleg åleine med ansvaret for heimen og borna. Berre 46 år gamal datt Elling ned frå ei telefonmast under reparasjonsarbeid, og slo hovundet sitt slik at han aldri vart bra meir. Men barna var så flinke — vi hjelptes åt med arbeidet, og det gjekk bra det og. Da eldste sonen tok over garden, flytta Elling og Gudrun på kåret — og i 25 år pleide ho mannen sin, heilt til han døydde i 1962. Eit lyst sinn og eit godt humør har Gudrun Meisingset alltid hatt, og ei sterk vilje til å ta det som kom — på godt og vondt.

Og denne evna fekk ho god bruk for på sine eldre dagar. Nokre og sytti år gamal måtte ho, på grunn av sjukdom, amputera den eine foten. Nokon kvar ville vel ha fortvila i ein slik situasjon, men ikkje Gudrun. Ho lærde seg å gå med kunstig fot, og på kort tid kunne ho flytta heim att og stella seg sjølv.

Men så slo sjukdomen til igjen. Andre foten og eine handa vart lam. Men det var ulikt Gudrun å gi opp og setja seg til å klaga. Med berre ei frisk hand til å hjelpe seg med, tok ho på nytt fatt på trening — sakte men sikkert gjekk det framover, og i dag er ho igjen i fin form. Sjølv om rullestolen no er sikraste framkomstmiddel, kan ho med litt hjelp gå omkring heime i sine egne stuer. Ein prestasjon det står all respekt av, og eit tydeleg bevis på at det nyttar å prøva, sjølv om det ser aldri så håplaus ut.

Den som har fått gleder av å læra Gudrun å kjenna i desse siste vanskelege åra, kan ikkje anna enn å bli imponert. Ikkje minst over den måten ho tek situasjonen på. Alltid blid, takksam og fornøgd. Og aldri ei klage. Det er ei glede å få koma heim til Gudrun — ein blir alltid møtt med eit smil.

Eg har det så godt no, seier ho. Alle er så snille og hjelpsame mot meg, og eg er så takksam for kvar dag. Når eg ser attende på livet mitt tykkjer eg at det har vore så rikt. Og om det stundom har vore vanskeleg, har Han gjeve meg den styrken eg trong til å greie det. Om det har vore mørke, tunge skyer på himmelen, har det bestandig vore ein blå himmel attom — og den har alltid kome fram att.

Dårleg oppmøte i Tingvoll skolestyre?

I eit oppsett i «Driva» 19/12 d. å. heiter det med feite typar: «Dårleg oppmøte i Tingvoll skolestyre.» Som sekretær kan eg ikkje sjå at dette er ein rettkomen attest for medlemmene. At eg i skriv til Tingvoll formannskap vedk. spørsmål om suppleringsval peikar på vanskar med å få skolestyret fulltallig, kan vel ikkje utan vidare vera prov på dårleg oppmøte. Ved å gå gjennom møteprotokollen for dei 3 åra noverande skolestyre har fungert, finn eg at fråveret ligg på 1,85 %.

Av 13 medlemmer har det ikkje vore mindre enn 12 til stades på noko møte. Dette vil eg tru heller skulle kvalifisere for overskrifta «Godt fram møte», og det toler truleg ei mannjamning med andre skolestyre.

Tingvoll, 20/12 1974.

Med helsing
R. Sørheim.

Skisporten skuffet i jula

Mange var de som hadde innstilt seg på ei sporty jul på Oppdal — og da først og fremst alpinister både fra bygda der og en rekke andre plasser i landet.

Men så hendte det at vinden blåste bort alt som fantes av bremsesne, slik at det ble en is-såle igjen. I går var det umulig å bruke løypetraseene. Og slik som det var da — spøkte det virkelig for nyttårsrennet i år. Det var snø og is overalt.

ET PARTI TØMMER
til salgs. — Eksp. anviser.

TIL SALGS
4 piggedekk på felg, Amazon, gått 250 mil, pluss tilhengerfeste, billig.

Henv. Tlf. (073) 91 573.

UNG MANN
søker arbeid som maskinkjører eller sjåfør. Har førerkort klasse 1.

Eksp. anv.

Meisingset

Juletreffest på bedehuset 5. juledag kl. 20.00.

Tale, mykje song og musikk, bevertning. Velkomne.

Festnemnda.